

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 27.09.2018
Vår ref.: 2015/1743-23
Saksbehandlar: liztoll
Dykkar ref.:

Fråsegn til offentlig ettersyn av 2. gangs høyring av reguleringsplan for Sjurneset - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 31.08.2018. om høyring av forslag til detaljregulering for Sjurneset. Fylkeskommunen ga fråsegn til framlegget i brev av 6.2.2018, og vil i det følgjande berre kommentere endringane til 2.gongsbehandling.

Vurdering

I vår førre fråsegn uttrykte vi uro knytt til etablering av rorbuer og privatisering av strandsona. Fylkesmannen i Hordaland har og vore kritisk til formålet rorbuer i naustområdet. Etter et dialogmøte 05.01.2018, vert det no fremma eit revidert forslag, kor formålet for rorbuene er trekt tilbake frå kaikanten og med krav om at desse skal etablerast over kainivå for å få eit tydeleg skilje mellom privat uteareal for robuene og kaiområdet. Viste utviding av kaifront vil og betre tilhøva for ålmentas tilgang til sjø. Fylkeskommunen er positiv til dei føreslegne endringane.

Vi rår til at føresegnene i § 1.2, *Estetikk*, vert presisert til å omhandle materialbruk. Å *gjenspegle dagens bygningsteknologi og arkitektur* gjev få føringar om stadstillpassa byggeri, særskilt når det gjeld naustmiljø. Vi rår til at føresegnene presiserer materialval, då gjerne det tradisjonelle byggemateriale i sjøbod- og naustmiljø; trevirke.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget, men ber om at føresengene vert presiserte for å sikre god tilpassing til landskap og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Liz Eva Tøllefsen, Seksjon for plan -, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland